



Årsmøte i Suldal sau og geit

**Møte vert i Næringsparken på Garaneset torsdag 31.01.2019
kl.19.30**

Saklista:

1. Godkjenning av innkalling og saklista.
2. Val av møteleiar og referent.
3. Val av to personar, som saman med møteleiar, skal skriva under på møteprotokollen.
4. Årsmeldingar Sau og Geit/ gjetarhundmelding.
5. Rekneskap med revisormelding.
6. Innkomne saker:
 - 1: spørje undersøkelse med svar frå årsmøte til prosjektet (Bærekraft) i NSG
 - 2: Reva premie: skal me fortsetta med å betala premie.
 - 3: feiring/markering av at SSG er 70 år i 2019
7. Val
 - *Val av leiar for 1 år
 - *Val av 2 Styremedlemer for 2 år
 - *Val av 1 vara medlem for 1 år
 - *Val av revisorar
 - *Val av grenda menn/kvinner
 - *Val av 3 utsendingar med vara medlem til fylkesårsmøte.
 - *Val av 1 medlem til Gjetarhundnemnda
 - *Val av medlemer til valnemnda.
8. Ymse
9. Pause med mat
10. Ole Petter Skjerven kjem og snakkar om dei nye digitale sikringsradioane.
11. Årsmøte i sikringsradiolaget Arvid Laugaland



Årsmelding for Suldal sau og geit 2018

Styret har vore:

Leiar: Torbjørn Nordmark

Nestleiar: Per Arne Veka

Kasserar: Sveinung Skjerahaug

Sekretær: Lena Thjømøe Steine

Styremedlem: Øystein Lofthus

Styremedlem: Ingeborg Kårstad



Laget har 103 medlemmer pr.02.1.2019, det er ein auke på 6 medlemmer i forhold til 2017.

Det vil seie at ca. 45% av produsentane i Suldal er medlem av Suldal Sau og Geit.

Me har laga eit felles skriv som seier litt om medlemsfordelar og kva SSG jobbar med lokalt og kva NSG jobbar med nasjonalt for saue og geitenæringa. Landbrukskontoret sendte dette ut for oss, dette for at me ikkje får vita kven som har sau og geit i Suldal.

Me har og jobba i lag med RSG om korleis ein skal prøva å fusjonera Jøsenfjorden Sau og Geit avslag med oss, dette er et lag som har vore passive i fleire år, me vart einig om at det er ryddigast at RSG tar dette, Håvar Helgeland skal ha møte med dei rett over nytt år.

Styret har hatt 5 møter og 36 saker, og me har tatt ein del saker på tlf. og e-postkontakt.

Årsmøte for 2017 var på Suldal hotell 01.02.2018. Det var bra oppmøte og et kjekt foredrag av leiar Audun Seilen i gjeterhundrådet i NSG, som og viste film av fleire øvelsar ein hadde med hund.

Leiar og kasserar var på Årsmøte til RSG, Leiar har og vore på Gardemoen og Sola på møter som NSG har arrangert. Me har og sendt skriftleg forslag til RSG om innspel til jordbruksforhandlingane i 2019.

Året 2018

Våren og sommaren var i år stikk motsatt frå 2017, frå at ein fekk passeleg med regn tidleg på våren, så fekk me meir eller mindre 8 veker med sol og tørke, dette gjorde og utslag i heia ved at alt snøen smelta tidleg og heia var brun fram til midten av august, då blei heia veldig bra, spesielt lågheia. Dette blei og ein utfordring for mange, fordi elvar blei tørre og sauene

kunne vandra ut av beite, desse fekk og problemer med å få dei heim igjen på grunn av store elvar og samanhengande regn etter at samlinga starta opp. Sauetome område er og ein utfordring for dei som har sauer i nærområdet. Statsallmenningen er eit av områda i Suldal der det blei meldt ifrå om sau tidleg i jakta, veldig bra at sankelaget i Kvildal mobiliserte og fekk dei heim til slutt.

Slakta som blei levert frå heia i år var veldig bra når ein tenkjer på denne sommaren som har vore.

Landsbasis: 2018 Det vart slakta 1 132 731 lam i Norge. 14 000 færre en 2017. Middelvekta var 18,4 kg.(17,8 kg 2017)

Suldal: 2018

Det vart slakta 12 172 lam i Suldal (324 færre en i 2017) middelvekta var 18,1 kg. Noko som er 0,9 kg tyngre en året før. Desse lamma vart levert av til saman 175 produsentar, ein nedgong på 5 produsentar frå 2017. Det vart levert 70 lam i snitt frå kvar produsent og dette snittet ser ut til å auka for kvart år. Også i Suldal er trenden at det vert færre og større bruk. Slakteklassen var i snitt R- og 2+ i fett. 2% av lamma er villsaulam. Andel stjernelam/elitelam som vart slakta var 73%, i 2017 var den på 66%.



40% av lamma som er slakta i Suldal er med i sauekontrollen i 2018.



Geit:

Suldal har 2 produsentar som leverte mjølk i 2018, desse leverte ca.135 000 liter melk. Det er levert totalt 142 kje til slakt i 2018 med snitt vekt på 8,6 kilo og klasse o i snitt. Nortura har kampanje i to til tre veker på seinvinteren/våren der dei tar imot kje på avtale til en betre pris, ca.60 kr kiloen. Me har og nokre besetningar med ammegeit i Suldal.

Grilldag

Suldal sau og geit meldte seg på den felles grilldagen til NSG som var 2.6.2018. NSG hadde som mål at minimum 100 lag burde vera med på dette.

Me hadde avklart med leiar i handelsgruppa om stand på Ryfylke dagane og bestilt inn grillmat og fått folk til å vera med, men dette blei avlyst to dagar før av RSG på grunn av den store brannfaren som var pga tørken.

Fagkveldar 22.8 og 15.11.18

SNO v/John Erling Skåtan fortalde om Jervejakta som vart gjennomført våren 2018, der ein vaksen hanjerv og ei jervetispe med to kvelpar vart tatt ut. Dette var interessant å få med seg, og han fortalde og om korleis SNO jobbar og kva dei kan gjera og ikkje gjera. Det heile

dreier seg i stor grad om politikk.

Me hadde og besøk av veterinær Klara Bakka som snakk om parasittar i sauebesetningane, både forebyggjande tiltak, kartlegging og behandling ved utbrot av parasittar.

Grovfôrsituasjonen – korleis ligg det an, og korleis fôre sauene gjennom vinteren? NLR, v Ole Arnfinn Røysland. Praktisk og forståeleg føredrag som eg trur dei fleste forstod og kunne ta med seg heim og bruka i eiga drift.

Kjersti Eikemo Tveit frå Gjetarhundnemnda i SSG:

Fortalde om kva dei har drive med i 2018 og kva planar dei hadde vidare i haust, vinter og me fekk avklara om korleis samarbeide fungerte i Suldal.

Møgedalsmarknaden/ kåring 6 Oktober 2018.

Leiar var på møte hjå Møgedal 13.9 i lag med andre aktørar, me fekk i oppdrag og dirigera parkering for utstillarar til kåringa, dette for å få utnytta plassen best muleg for alle.

Derfor er det viktig til neste år at alle utstillarane er på plass med dyra sine før kåringa startar!

Styret møtte i Bergekrossen fredag 5. oktober kl. 12. for å laga alt klart til marknaden. Me laga til nye hyller i brakka som me disponerer for å gjera det enklare og ryddigare der. Me fekk og på plass ein ny grill til grillinga, som Sveinung Havrevoll hadde bestilt av Olav Vemund Stråpa.

Grillinga på marknaden er svært viktig for laget, men m får meir og meir konkurranse når det gjeld matserving, det er fleire som har mat for salg på marknaden. Dett er bra for dei besøkande, men ein utfordring for oss. Derfor er me heilt avhengig av hjelp frå medlemmene for å få dette til. Tusen takk til alle dei som var med og grilla, serverte og rydda for oss. Grillinga gjekk veldig bra i år også, men me kjem til å endra litt på vaktlistene til neste år, når det gjeld fordeling av mannskapet.



Hjelmeland sparebank v/Odd Magne Hetlelid overrekte oss ei gåve på marknaden på kr 5000.- det er kjekt at dei set pris på det arbeidet me gjer.

Kåring:

Laget kjøpte inn 12 nye grindar av typen Knarrhult, me fekk og låna 4 stk. med port i, dette for å testa ut og gjera det enklare med å flytte dyra i garden etter kvart som dei blir kåra.

Det var 13 utstillarar på kåringa og ein av desse var ny utstillar, veldig bra! Me håpar at fleire ser nytten i og verdien av å bidra slik at kåringa kan fortsetja.

104 lam blei vurdert. (105 i 2017)

87 lam blei kåra. (89 i 2017)

6 lam blei kåra på disp. (7 i 2017)

8 lam blei vraka. (16 i 2017) dei fleste blei vraka på ull.

Beste vérlam på kåringa 2018.

NKS(Norsk kvit sau)	Erik Jordebrekk
Kvit spel	Torunn &Sveinung Havrevoll
Farga spel	Bjarne Østerhus
Andre Rasar (Dala)	Torbjørn Nordmark



Aktivitetar i haust:

Sveinung Skjerahaug har i år som i fjor gjort ein stor jobb for å få til aktivitetar for medlemmane i laget.

Semin kurs: 19 oktober i Erfjord. Kurshaldar Marit Johanne Apeland

7 deltakerar på dette kurset.



Fagtur til staur seminstasjon (26-28 oktober)



Dette var tredje året me hadde denne turen og berre 8 stk. hadde anledning til å vera med. Me hadde en kjekk omvising på Staur, der me vart godt mottekne og me fekk sjå dei værene som var komne inn for sesongen. God drøs med fjosmesteren, som og gladleg viste korleis tappinga blei gjennomført i praksis.

Me besøkte og Jønsberg vgs. Jønsberg er ein allsidig dreven gard med husdyr, planteproduksjon og skog. Gardsbruket har rundt 1000da dyrka mark og vel 10.000 daa skog og utmark. Jordbruksarealet ligg rundt skulen og skogteigane i Stange, Elverum og Trysil.

Søndag reiste me på besøk til Håvar Jønnardalen som driv ein fjellgard 750m over havet ovanom Flatdal. Han har sett opp eit nytt sauehus i slipplaft med plass til 250 vinterfora sauer og han er med i væraring. Veldig triveleg kar og han la ikkje skjul på at dei hadde beste indekxværi i ringen i 2018, noko som me måtte fortelja til neste mann me skulle besøka som var Tor Einar Lid. Han var like trivelig, og viste oss rundt og me fekk sjå værene hans og livlamma. Der fekk me og servert middag og god drøs før heimreise.



Felleskjøpet Rogaland Agder sponsa denne turen med 15000.- noko som gjorde at me kunne få til denne turen i år ogm sjølv med få deltakarar.

Erfaringsgrupper på sau

Laget har starta opp erfaringsgruppa på sau for nye brukarar hausten 2017, der 10 stk. er med, Jon Egil Østerhus er leiar i gruppa.

Dei har hatt totalt 4 samlingar og kjem til å ha eit avslutningsmøte på nyåret, der dei kjem til å oppsummera dette. Styret kjem til å prøva å få til ei ny erfaringsgruppe til hausten, når me får ein rapport frå leiar i gruppa. Me takkar Jon Egil for den jobben han har gjort så langt.



Leiar møte i Haugesund 19-20 oktober.

Leiaren for Suldal Sau og Geit møtte. Det var fleire emne som til dømes:

-Marknadssituasjonen ved NSG – Kjell Erik Berntsen.

-**Viktigheita av beitende dyr for kulturlandskapet og reiselivet – Reidar Mykletun, Professor.** Reidar Mykletun haldt eit innhaldsrikt og aktuelt foredrag med fokus på viktigheita av beitende dyr for kulturlandskapet og reiselivet. Det er samspelet mellom menneske og dyr som er avgjerande for pleie av landskapet rundt oss.

-**Oppsummering Kåring – Arnhild Skjørestad, Kåringsansvarleg RSG**

Arnhild orienterte om dei nye forskrifta for dyre helse, og korleis dei påverka kåringane i haust. «Eigenerklæring» på buskapsnivå måtte obligatorisk leggjast fram for å kunne kåre vêrlam.

-«**Korleis auke innteninga til småfenæringa» Bondelaget, ved Jan Idar Haugen**

Haugen presenterte Rogaland Bondelag som det største fylkeslaget i landet og saknar større oppslutnad av sauebønder blant medlemsmassen (snaue 50%).

-«**Korleis auke innteninga til småfenæringa» Bonde- og småbruker laget, v Nils Melbø** Melbø redegjorde for produksjonsregulerande tiltak i andre produksjonar. Det er naudsynt med balanse i Markedet for å kunne auke innteninga til sauebonden. (10%)

-**Nytt frå rovdyrnemnda, Magne Jakob Bjørheim**

Orienterte om rovdyrnemnda sitt arbeid i 2018. Rovdyrnemnda er representert i ei arbeidsgruppe samansett av dei ulike landbruksorganisasjonane i fylka Rogaland, Hordaland, Telemark, Aust og Vest Agder.

Andre saker:

Rovdyr

SNO har undersøkt fire kadaver i Suldal i 2018. I to av tilfellene antar me sikkert at kongeørn hadde drept dyret. I dei to andre tilfellene var det ikke muleg å konkludere med dødsårsaken. Jerv er det ikkje dokumentert i Setesdal-Ryfylke heiane etter hiuttaket, hverken på spor eller kadaver.

Det er viktig at alle som er i heia og som ser spor tek bilder av sporet med en kniv/meters mål ved sida av om ein har det tilgjengeleg for å dokumentera storleiken, spormønsteret og gjerne

eit bildet av landsskapet/området slika at staden kan dokumenterast. Meld ifrå om observasjonen snarast.

Skotpremie på rev:

Laget har betalt ut kr 15000.- som er delt ut på 90 rever som er skotne i kommunen i 2018. Det er ein kjempejobb som vert gjort her, og dette viser at det er viktig å oppmuntra til revejakt framover og.

Suldal sikringsradiolag

SSG har gitt kr 30.000.- i tilskot til Suldal Sikringsradiolag for å få finansiert oppgradering av dei nye digitale sendarane i Suldal. Dette i tråd med føringane frå årsmøtet i 2017.



Ullinnsamling:

Laget har i år og organisert ullinnsamling vår og haust. Dette har fungert bra og ein stor takk til grendamennene som har mulighet til å vera heima heile dagen for å få ulla sendt. Dette er og med å bidreg til økonomien i laget, me får eit tilskott frå slakteria per kg ull som me samlar inn via Suldal Sau og Geit.

Eg vil til slutt få takka styret som har vore flinke og samarbeidsvillige med å få laget til å fungera, og til alle som har vore med på dugnad, kurs, tur og medlemsmøta våre i 2018.

For styret i Suldal sau og geit

Torbjørn Nordmark

Leiar.

Resultatregnskap 2018

Suldal Sau og Geit

	Rekneskap i år	Rekneskap i fjor
Driftsinntekt		
Refusjon av medlemskontingent	-19 190	-19 385
Ullinnsamling	-27 443	-35 269
Sal av grillmat møgedal	-57 166	-65 011
Sal av T-skjorter / bøker	- 1 395	
Gåver	- 5 000	
Tilskot skotpremie på rev	-10 800	-20 494
Aktivitetar 2018 (fakturert deltakerar)	-25 400	-53 084
Tilskot til aktivitetar i laget	-15 000	-63 000
Øreavrunding		- 7
Sum inntekter	-161 394	-256 250
Kostnader		
Skotpremie rev	15 000	- 15 000
Tilskot til Suldal Sikringsradiolog	30 000	
Gåver gitt til 4H m.m	5 000	- 4 000
Grilldag møgedal	23 173	- 21 044
Aktivitetar 2018	40 400	-109 067
Gåver	2 200	- 2 729
Styrehonorar, leiar	5 000	
Styrehonorar, styremedlemmer	11 000	
Div.utgifter møter o.l	23 428	- 19 368
Kurs/fagmøter	18 094	- 3 315
Grindar	13 693	
Annonser	3 946	- 2 806
Gebyr, porto, kopiering	489	- 120
Kurs tevling		- 9 000
Rekvisita	5 711	- 9 416
Regnskapshonorar	5 121	- 9 929
Kontorrekvisita	22	
Bank- og kortgebyr	458	- 235
Sum driftskostnader	202 734	188 028
Driftsresultat	41 340	- 68 222
Renteinntekt	- 1 418	- 1 293
Årsresultat	39 922	- 69 515

Rekneskapet syner eit underskot på 39 921,63 kroner.
Dette skuldast tilskot gitt til Suldal Sikringsradiolog og kjøp av fleire grinder til bruk under kåringa

Balanse 2018
Suldal Sau og Geit

	Rekneskap i år	Rekneskap i fjor
EIENDELER		
Kundefordringar	2 667,84	11 011,00
Tilskot gjeld 2018, utbetalt januar 2019	10 800,00	63 000,00
Kortsiktige fordringer	13 467,84	74 011,00
Kontanter (vekslepenger)	4 396,00	0,00
Driftskonto 3210.30.03139	6 333,04	1 562,36
Sparekonto 3202.20.49681	240 283,00	219 279,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.	251 012,04	220 841,36
Omløpsmidler	264 479,88	294 852,36
Eiendeler	264 479,88	294 852,36
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	-261 203,73	-301 125,36
Opptjent egenkapital	-261 203,73	-301 125,36
Total egenkapital	-261 203,73	-301 125,36
Leverandørgjeld	-3 784,75	-5 867,00
Leverandørgjeld	-3 784,75	-5 867,00
Påløpt kostn. og forsk.bet. innt.	508,60	12 140,00
Kortsiktig gjeld, diverse	508,60	12 140,00
Kortsiktig gjeld	-3 276,15	6 273,00
Total gjeld	-3 276,15	6 273,00
Egenkapital og gjeld	-264 479,88	-294 852,36

Negativt framteikn betyr positivt tal.